

PLANTELIVET I LYGHEIA

Lyngheiar er ikkje berre lyng. Sjølv om du raskt vil oppdaga at det er røsslyngen som dominerer i lyngheiane, veks det mange andre plantar her også. Nokre er veldig vanlege og lette å kjenna att, andre er små og vanskeleg å leggja merke til med det same. Lyngheiar har vore nytta til heilårsbeite for utegangarsau langs kysten av Noreg. På grunn av dei milde vintrane ligg snøen aldri lenge, og sauene finn nok fôr i den eviggrøne røsslyngen. På Lygra er det funne over 150 høgare plantar i tillegg til mosar og lav. Nedanfor er det lista opp nokre av dei vanlegaste artane.

Gruppe	Døme
Lyng	Røsslyng, blåbær, tytebær, blokkebær, mjølbær, klokkelyng, krekling.
Gras/halvgras	Engkvein, gulaks, smyle, geitsvingel, blåtopp, bråtestorr, frytler, heistorr, bjønnskjegg, torvull.
Urter	Tepperot, kystmaure, heiblåfjør, blåklokke, tiriltunge, blåknapp, fagerperikum.
Bregnar	Einstape, bjønnekam, fugletelg, hengjeveng, smørtelg.
Mose	Heiflette, etasjehusmose, furumose, bjørnemosar, torvmosar.
Lav	Kystreinlav o.a. begerlav, navlelav.

Eit lyngheiområde inneheld mange ulike habitat eller leveområde (for nærare skildring av dei ulike stadia av lynghei sjå aktivitsarket "Røsslyng"). Kvant enkelt habitat inneheld sine eigne, karakteristiske planteartar. Dei viktigaste habitatane i og i tilknytning til lynghei er:

Nybrend eller ung lynghei (pionerfase)

I nybrende område stikk det opp gråsvarte, avbrende røsslyngkvistar. Gras og urter dominerer medan røsslyngen er låg (under 5 cm) og finst spreitt. Tytebær, bråtestorr og klokkelyng er vanleg. Det er lite mose i botnsjiktet. Den halvmeter høge bregnen, einstape, veks ofte tett i desse områda. Røsslyngen er 1 - 5 (6) år.

Lynghei (byggjefase)

I slike områder er det mest kortvokst røsslyng, med innslag av gras og urter. Røsslyngen er 5 – 15 år.

Gamal lynghei (moden/degenerativ fase)

Området har mykje høg røsslyng med tjukke stenglar. Annen lyng er også vanleg, slik som blåbær, tytebær, blokkebær og klokkelyng. Det er sparsamt med gras og urter. Botnsjiktet er tett med mosar eller lav. Røsslyngen er 15 - 50 år.

Føremål:

- Kartleggja utbreiinga av plantar i lyngheia.
- Sjå på samanhengen mellom førekomst og levetilhøve.

Utstyr:

Måleband, tommestokkar, plastposar, merketusj, blyant, notatblokk, kart, flora, fotoapparat.



Poselyng.

Røsslyng.



Ung lyng til venstre og gamal lynghei til høgre.



Myr med blomstrande myrull artar.



I lauvskogen veks det urter som gjerdevikke, tveskjeggveronika, knollerteknapp, og firkantperikum.



Utmarka på Ytre Lygra. Vegetasjonen veksler mellom gamal (dei store raud-brune plantane i forgrunnen) og ung lynghei (dei grøne plantane i bakgrunnen).

Grashei

I grasheia dominerer gras og urter. Kystmaure og tepperot finn ein stort sett overalt. Det er lite eller ingen røsslyng og andre lyngvokstrar. Botnsjiktet kan vera heilt tett med engkransmose.

Myr

Myrer ligg stort sett i flatt terreng. Dei er meir og mindre våte og ofte prega av mange små og store tuer. På tuene veks ofte røsslyng saman med torvull. Mellom tuene veks mellom anna storrr, bjønnskjegg og torvmosar. Det er framfor alt torvmoseartane som karakteriserer ei myr.

Strandeng og strandberg

Strandengene vert flødde over av saltvatn og har difor salttålande grasartar og urter.

Vegetasjonstypar i nærleiken av lyngheiane på Lygra

Lauvskog

Før du kjem til lyngheiområdet på Lygra, ligg det ein rik lauvskog med m.a. ask, eik, hassel, osp og bjørk. Her veks det mange urter og gras, og skogen har eit rikt fugleliv.

Granskog (planta)

Granskogen vart planta i 1960. Her er det svært artsfattig. Berre nokre mosar og lav trivst i skogkanten der ljoset omtrent ikkje slepp til.

Furuskog (planta)

På neset (Tongane) heilt nord på øya ligg det ein liten furuskog som vart planta i 1920 åra.

Vegetasjonskartlegging

- Bruk kartet som er lagt ved. Del utmarka inn i fleire delar. Kvar gruppe i klassen kan så jobba med kvart sitt område. Då får de eit meir fullstendig vegetasjonskart for store delar av området. Utmarka på Ytre Lygra omfattar omlag 500 mål.
- Noter på kartet med ulike markeringar (fargar eller teikn) der de finn gamal lynghei, ung nybrent lynghei, grashei, myr og strandeng/strandberg. Granskog, furuskog og lauvskog kan og vera aktuelt å teikna inn.
- Ta oversiktsbilete av vegetasjonen. Då vert det lettare å samanlikna frå år til år.
- Det kan også vera spanande å laga ei fotosamling med nærbilete av dei plantane som finst i lyngheia.
- Vegetasjonskartlegging kan inngå i eit større prosjekt der de kartlegg areala på Lygra (Sjå "Kartleggja kulturlandskapet på Lygra"). På same kartet kan de og merka av ulike bygningar de finn i utmarka.
- Lag ei liste over dei artane, slektene og gruppene de har funne. (Sjå også nedanfor).
- Grav ein jordprofil frå kvar vegetasjonstype og beskriv profilet.

Planteregistreringar

- Lag ei liste over alle plantane de finn i området de undersøker. Bruk flora til å bestemma dei ulike plantane. De kan finna meir informasjon om dei ulike plantane på dei svenske nettsidene "Den virtuella floraen" (søkeleg database med norske namn) eller "Systematisk tre" på nettsidene til Nettverk for miljølære (sjå nettadresser nedanfor).
- Noter ned voksestad (t.d. lyngheitype, granskog, lauvskog) for kvar plante, sjå oversikten ovanfor.
- Vurder om plantane er vanlege middels vanlege eller om det berre er ein eller få eksemplar av arten på lokaliteten
- Ta gjerne bilete av plantane de finn, og lag eit fotoherbarium.
- Alle bilete og registreringar kan de leggja inn i databasen til Nettverk for miljølære (sjå nettadresse nedanfor). Her kan de samanlikna med kva andre har funne tidlegare år i same område.

Ruteanalysar

- Ruteanalysar er ein meir detaljert metode for planteregistreringar. Legg ut ei rame på 1x1 m eller 0,5 x 0,5 m i det habitatet/området de skal undersøka.
- Lag ei liste over alle plantane de finn i ruta (høgare plantar, mosar og lav), og noter ned kor mykje av ramma som vert dekt av kvar art (sjeldan, vanleg, dominerande).
- Ein meir nøyaktig og tidkrevjande metode er å oppgje dekningsgraden til kvar art som eit tal i %. Dersom ei rame på 1 m² er delt inn i 16 mindre ruter, er det enklare å fastslå dekningsgraden. Ei smårute utgjer då 6,25 %

Plante nr.	Norsk namn	Vitenskapeleg namn
1.	Gyvel	<i>Cytisus scoparius</i>
2.	Blåbær	<i>Vaccinium myrtillus</i>
3.	Klokkelyng	<i>Erica tetralix</i>
4.	Purpuryng	<i>Erica cinerea</i>
5.	Røsslyng	<i>Calluna vulgaris</i>
6.	Einstape	<i>Pteridium aquilinum</i>
7.	Dvergsmyle	<i>Aira praecox</i>
8.	Engkvein	<i>Agrostis capillaris</i>
9.	Smyle	<i>Deschampsia flexuosa</i>
10.	Gaffellav	<i>Cladonia furcata</i>
11.	Kystrøttopp	<i>Cladonia floerkeana</i>
12.	Raud sopplav	<i>Dibaeis baeomyces</i>
13.	Piggjav	<i>Cladonia uncialis</i>
14.	Kystreinlav	<i>Cladonia portentosa</i>
15.	Engfiol	<i>Viola canina</i>
16.	Heiblåfjør	<i>Polygala serpyllifolia</i>
17.	Einerbjøremose	<i>Polytrichum juniperinum</i>
18.	Flekkmariland	<i>Dactylorhiza maculata</i>
19.	Tepperot	<i>Potentilla erecta</i>
20.	Kystmaure	<i>Galium saxatile</i>
21.	Stripefoldmose	<i>Diplophyllum albicans</i>
22.	Bergsvineblom	<i>Teucrium scorodonia</i>
23.	Firtann	<i>Scenecio sylvaticus</i>
24.	Vanleg frynsesopp	<i>Thelephora terrestris</i>
25.	Vanleg reddiksopp	<i>Hebeloma crustuliforme</i>
26.	Furumose	<i>Pleurozium schreberi</i>
27.	Matteflette	<i>Hypnum cupressiforme</i>
28.	Lyngseigsopp	<i>Marasmius androsaceus</i>

Ikkje i Noreg

29.	Gulltorn	<i>Ulix europaeus</i>
30.	Smågulltorn	<i>Ulix minor</i>
31.	Nåleginst	<i>Genista angelica</i>
32.	Skjegglyng	<i>Erica ciliaris</i>
33.	Høstlyng	<i>Erica vagans</i>
34.	Bustkvein	<i>Agrostis cetaceae</i>
35.	Timiansnikjetråd	<i>Cuscuta epithymum</i>
36.	Dvergperikum	<i>Hypericum humifusum</i>



Plantar i lynghei.

Diskusjonsoppgåver:

- Kva for miljøfaktorar endrar seg mellom lokalitetane eller innan lokaliteten? (T.d. lysforhold, jordråme, jordsmonnstype, og ikkje minst effektar av beite og brann). (Sjå aktivitetar for jordsmonn og geologi).
- Plantar i lynghei må tola forstyrring i veksten ved beite og brann. Drøft kva for artar de har funne som har spesielle tilpassingar til beite, trakk og brann (t.d. låge vekstpunkt, blada trykte ned til marka, utløparar, djupe røter, stor frøproduksjon, giftige, rue, stikkande blad). Bruk gjerne ulike oppslagsbøker.
- Kva for artar i lyngheia må ha milde vintre?

Fleire aktivitetar i Lygrapermen:

Smådyr i lyngheia, Jordsmonnet, Lyngslått, Røsslyng, Geologien på Lygra.

Meir å lesa:

- **Nettverk for miljølære, Landprogrammet:** Fotoherbarium (LN1). Planteregistreringer (LN2). Kartlegg planter i utvalgte naturtyper (LN5). (<http://miljolare.no>)
- **Den virtuella floraen:** (<http://linnaeus.nrm.se/flora/>)
- **Norsk botanisk forening.** (<http://www.toyen.uio.no/botanisk/nbf>)
- **Berg, G. A. 1970:** Floraen i farger. Aschehoug & Co.
- **Lid, J. & Lid, D. T. 1994:** Norsk flora. Det norske samlaget.
- **Fremstad, E., Aarrestad, P. A. og Skogen, A. 1991:** Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. NINA utredning: 29.
- **Kaland, P.E. 1999:** Kystlynghei. I: Norderhaug, A. (red.) m.fl. 1999: Skjøtselboka. Kulturlandskap og gamle kulturmarker i Norge. Landbruksforlaget.
- **Haaland, S. 2002:** Fem tusen år med flammer. Det europeiske lyngheilandskapet. Vigmostad Bjerke.
- **Kartlegging av naturtyper - verdisetting av biologisk mangfold.** Direktoratet for naturforvaltning. DN-håndbok 13. 1999.

av heile ruta. Dersom ein art dekkjer 4 småruter vil dekningsgraden utgjere 25% (1/4 av heile ruta).

- Skriv opp mengda av plantegrupper i %. Bruk dei fem gruppene: 1) Røsslyng. 2) Lyng og busker (unntatt røsslyng). 3) Urter og gras. 4) Bregnar. 5) Mosar og lav (botnsjikt).
- Lag stolpediagram som viser prosent dekning av kvar av dei fem plantegruppene i gamal hei og ung hei.
- Mål gjennomsnittleg høgde på dei ulike plantegruppene.
- Dersom de har gjort registreringar langs ein gradient der vegetasjonen endrar seg frå t.d. fuktig til tørre område, kan de teikna opp eit soneringsprofil /linjekart. Teikn inn dei dominerande artane i kvar del av profilet.



Rome, veks på myr o og i fuktige sig.



Rundsoldogg, veks på torvmyr.



Rome, veks på myr o og i fuktige sig.



Rundsoldogg, veks på torvmyr.



Tekst: K. Ekelund. Fagkonsulent: A. Skogen. Foto: Ung og gamal lyng. Myr.- P.E. Kaland. Ytre Lygra. Lauvskog. Rome. Rundsoldogg. Pors. Skrubbær - K. Ekelund. Illustrasjonar: Røsslyng. Klokkelyng - E. Hazebroek. Planter i lynghei - The Natural History Museum, London. **Sjå eige kart.**